



Bresvika Byggefelt AS
c/o Jan Roger Iversen Kletten 3
5382 SKOGSVÅG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4284 - 21/56975

Saksbehandlar:
Astrid Riise
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:
30.08.2021

Varsel om synfaring - gbnr. 428/4 Kvalheim nedre

Tiltak: Varsla synfaring avløpsledning
Stad: Gbnr. 428/4 Kvalheim nedre
Tiltakshavar: Bresvika Byggefelt AS

Orientering om synfaring mandag 13.09.2021 kl. 09:30.

Viser til brev av 12.08.2021 frå advokat/partner Torkjell Solbø, Stiegler advokatfirma AS med kopi til Bresvika Byggefelt AS. I brevet er det gjort rede for at avløpsledningen ikkje er observert liggjande i vannoverflata.

Kommunen er imidlertid gjort merksam på at avløpsledningen fortsatt ligg og flyt i vannlinja. Det er opplyst at ledningen er godt synleg ved fjære sjø.

Mynde:

Kommunen har, i henhold til forurensningslova § 48, ansvar for å føre tilsyn med handtering av forurensning. Kommunen vil difor undersøke om tilhøvet er i strid med forurensningslova § 7.

Vi planlegg å gjennomføre ei synfaring på eigendomen den **13.09.2021 kl. 09:30.**

Tidspunktet er planlagt ut i frå at det i henhold til Kartverket sine informasjonsider vil være låg vasstand kl. 09:44, sjå vedlegg.

I følgje forurensningslova § 50, som gjeld rett til granskning, skal kommunen ha uhindra adgang til eigendomen. Vi ber om at de møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi kan avklare saka nærare. Viss tidspunktet ikkje passer, ber vi om at de tar kontakt snarast for å avtale eit nytt tidspunkt.

Kva forventar vi av dykk før og under synfaringa?

Vi ber om

- at de møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi saman kan avklare saka nærare

